

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 18.04.2018**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber om at fylkesveg 48 vert skiltet som rute mellom Bergen og Odda.»

**Gustav Bahus (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet ber om at det vert sett større fokus på digitale løysingar som elektroniske skilt / opplysningstavler. Arbeidet må også retta seg mot utanlandske brukarar med omsyn til språk osb. Det må også vektleggjast at ein er utoverretta mot GPS-leverandørar og brukarar.»

**Jon Askeland (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Trengereid vert erstatta av Norheimsund.»

**Atle Kvåle (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

«Fylkesutvalet ber om at det vert arbeidd vidare med forsterka, digital vegvisning for å sikre best mogleg fordeling av køyretøy på ferjesambanda Jondal – Tørvikbygd og Årsnes – Gjermundshamn.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Askeland sitt forslag punkt 2 fekk 9 røyster (Sp, V, KrF, A, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.  
Kvåle sitt forslag punkt 3 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3.  
Ryssdal sitt forslag punkt 4 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Bahus sitt forslag punkt 5 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til prinsippet om vegnummerering og framtidig vegvisning på fylkesvegnettet slik det går fram av Statens vegvesen sitt notat.
2. Fylkesutvalet ber om at den overordna fylkesvegen mellom Granvin - Norheimsund framleis skal ha status som fylkesveg 7.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert arbeidd vidare med forsterka, digital vegvisning for å sikre best mogleg fordeling av køyretøy på ferjesambanda Jondal - Tørvikbygd og Årsnes - Gjermundshamn.
4. Fylkesutvalet ber om at fylkesveg 48 vert skiltet som rute mellom Bergen og Odda.
5. Fylkesutvalet ber om at det vert sett større fokus på digitale løysingar som elektroniske skilt / opplysningstavler. Arbeidet må også retta seg mot utanlandske brukarar med omsyn til språk osb. Det

må også vektleggjast at ein er utoverretta mot GPS-leverandørar og brukarar.